| Sjukepleiarar | Det er stort behov for sjukepleiarkompetanse fordi kommunane får nye oppgåver og mange av dei som er sjukepleiarar nærmar seg pensjonsalder. Prognoser viser at sjukepleiarar er av dei yrkesgruppene det vil vera størst mangel på i åra som kjem. Viktig med deltidsutdanning der tilsette kan ta studiet der dei bur. | Kunnskapsgrunnlaget til fylkeskommunen. Spørjeundersøking i kommunane. |
| Ingeniørar | Kommunane har behov for ingeniørkompetanse innan byggtekniske fag. | Spørjeundersøking i kommunane |
| Grunnutdanning for lærarar og førskulelærarar | Mange lærarar vil gå av med pensjon om 5-10 år. | Spørjeundersøking i kommunane |
| Vidareutdanning for lærarar i grunnskulefag, fagområde for barnehagelærarar og innan spesialpedagogikk | Kompetansekrava for lærarar er forsterka for kort tid tilbake. Det er fortsatt sterkt fokus på tilpassa opplæring slik at vi treng lærarar med kompetanse innan spesialpedagogikk. Det er behov for spesialpedagogikk i barnehage. | Spørjeundersøking i kommunane |

Sogn 31.8.2020

Til dei lokale kompetanseforuma og kontaktpunkta i utvalde bransjar

# Innspelsrunde – Kompetanseforum Vestland: Kompetansebehov i arbeidslivet 2021/22

## Innspel til utvikling og dimensjonering av utdanningstilbod:

Kompetanseforum Vestland har vedteke eit årshjul for systematisk arbeid med dimensjonering av utdanningstilboda og utvikling av etter- og vidareutdanningstilbod. Målet med dette arbeidet er at utdanningsinstitusjonane i større grad skal utvikle sine tilbod etter behova i arbeidslivet.

**Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2021/2022:**
Til hausten startar arbeidet med å dimensjonere utdanningstilbodet for studieåret 2021/2022 både på universitets-, høgskule-, fagskule og vidaregåande nivå. På same måte som i fjor vil det vere høve til å kome med innspel til dette arbeidet på grunnlag av dei kompetansebehova som finst i regionane og i bransjane. Kva konsekvensar den krisa vi no er oppe i vil ha for næringslivet, er framleis svært uklår. Det er difor vanskeleg å seie kva endringar som bør gjerast i utdanningstilboda for 2021/2022. Vi har difor utsett frist for tilbakemelding til 31. august slik at de skal få eit betre grunnlag for å vurdere dette behovet.

1. **Tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring**:
   Frist for innspel: 31 august

2. **Utdanningstilbodet ved fagskulen:**
   Frist for innspel: 31 august

3. **Studietilbodet på universitet og høgskule:**
   Frist for innspel: 31 august

## Kunnskapsgrunnlaget 2020:

Kunnskapsgrunnlaget kjem til å ligger her frå og med 1. april: :
https://www.vestlandfylke.no/naringsutvikling/kompetanse-i-arbeidslivet/kunnskapsgrunnlag/

Kunnskapsgrunnlaget er ein serie med web-rapportar:
1. Overordna bilete for Vestland
2. Rapport på kvar næring
3. Regionrapport

Næringsrapportane har mykje detaljer informasjon på yrkesnivå (men ikkje på kommunenivå). Det er noko data på regionalt/skulenivå på dei siste sidene av kvar næringsrapport.
Her kan du mellom anna markere skuler i regionen og sjå overgangar frå VG1 til ut i lære.

Næringsrapportane «Helse og omsorg» og «Oppvekst og utdanning» har framskrivingar av behov for sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og barne- og ungdomsarbeidarar/førskulelærarar på kommunenivå. Dette er grove berekningar som bygger på KOSTRA tal (rapportering frå kommunane), men gir nyttig informasjon når du ser tala opp mot andre kommunar.

Regionrapporten har kommune- og regiondata, men på eit grovt detaljnivå. Prognosane frå NAV vil ikkje lenger vere gyldig (grunna Covid-19 og fallet i oljeprisen). For spørsmål om kunnskapsgrunnlaget, ta kontakt med Johanne Sognefest Haaland E-post: johanne.sognefest-haaland@vlfk.no Telefon: 992 61 004

## Mal for innspel:

Vedlagt følgjer ein mal for innspel. Føremålet med å nytte denne malen er å gjere innspela så konkrete som mogleg. Jo meir konkrete innspela er, jo lettare er det for utdanningsinstitusjonane å vurdere dei. Vi ønskjer og at ein skal dokumentere behova så langt som det er mogleg. Dette kan til dømes knytast opp mot funn i kunnskapsgrunnlaget eller eigne undersøkingar.

**Innspelsrunden 2019:**

For 2019 var det særskilt tre hovudutfordringar som peika seg ut i innspela om kompetansebehov i bransjar og regionar: Behova innan helse og omsorg, behov for fleire fagarbeidarar, behov knytt til digital kompetanse, samt nokre konkrete behov om fagskuletilbod. På møtet i Kompetanseforum Hordaland i desember 2019 la utdanningsinstitusjonane fram korleis dei arbeider med desse utfordringane. Sjå tilbakemeldingane frå utdanningsinstitusjonane i eige vedlegg.

**Ta gjerne kontakt dersom det er noko de ønskjer å diskutere nærmare.**

# Vedlegg:

## Mal for innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2021/2022:

1. **Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2021-2022: (sett inn ekstra liner ved behov)**

| Utdanningsprogram | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **helsefagarbeidarar** | Vi treng fleire faglærte til både institusjonane og heimetenestane våre. | Talet eldre aukar sterkt i åra framover.alt no har vi utfordringar med å skaffe faglært arbeidskraft i Kinn kommmune, noko som vil bli ei auka utfordring framover. |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

2. **Kompetansebehov fagskule: (sett inn ekstra liner ved behov)**

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **Vidareutdanning i demens** | Talet på demente aukar i takt med tal eldre og behovet for å kunne møte denne gruppa sine utfordringar er aukande | Vi har no ein heil institusjon i kinn som er berre for demente. Det er denne gruppa som er vansklegast å hjelpe i eigen bustad. Det vil etter kvart bli fleirtal av denne gruppa på institusjonane våre. |
| **Vidareutdanning i geriatri/aldring** | Basiskunnskap om kva normal aldring inneber. | Tal eldre er sterkt aukande framover, og auken er alt begynt. Helsepersonell har behov for kunskap om kva som er behovet til eldre for å kunne tilpasse helsehjelp. |
| **Vidareutdanning i palliativ omsorg** | Eldre skal ha tilbod om å leve heile livet i eigen bustad. Derfor er det viktig at helsepersonell har kunnskap om palliativ omsorg. | Tidlegare var det ofte på sjukehus at ein var under siste fase i livet. No er det i kommunen. Det er derfor viktig at helsepersonell har kunnskap om korleis ivareta desse pasientane. |
| | | |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| | | |
| | | |

3. **Kompetansebehov høgskule/universitet:**

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **sjukepleiar** | Det er eit veksande behov for sjukepleiarar. Vi ser at denne gruppa ofte går til andre tenester med meir tilrettelagt arbeidstid. | Vi klarer ikkje dekke opp alle vakter på institusjon med sjukepleiarar lenger. |
| **vernepleiar** | Sterkt aukande behov. Kommunen har stor mangel på denne gruppa. | Nå unge funksjonshemma skal flytte frå barndomsheim til eigen bustad med kommunal teneste er det vernepleiarkompetanse som ofte trengs for å gi best mogleg tilrettelagt tilbod. |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

Mo og Øyrane vgs.
Vestland fylkeskommune

# Innspelsrunde – Kompetanseforum Vestland: Kompetansebehov i arbeidslivet 2021/22

## 1 Fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane sitt arbeid i den regionale kompetansepolitikken

Regionreforma omfattar fleire område i politikken, der både utdannings- nærings- og regionspolitikk må sjåast i samanheng. Ei sentral oppgåve vil vere å kartlegge regionale kompetansebehov ved å legge til rette for samarbeidsarenaer og utarbeide regionale planar saman med aktuelle samarbeidspartar. Sjølv om det årlege arbeidet med opplæringstilbodet har eit relativt kortsiktig perspektiv og hovudsakeleg dreiar seg om konkrete tilpassingar mellom tilbod og etterspurnad, skal arbeidet bygge på vedtekne mål og strategiar i fylkeskommunen. Opplæringstilbodet bør i størst mogleg grad bidra til å sikre tilstrekkeleg tilgang på naudsynt kompetanse i dei ulike regionane og i eit samla fylke.

Fylkeskommunen har ansvar for tilbodet om vidaregåande opplæring og fagskuleopplæringa i fylket. Dette gjeld også vaksenopplæring. I arbeidet med det årlege opplæringstilbodet ved dei vidaregåande skulane, legg fylkeskommunen til rette for å stette arbeidslivet sine kompetansebehov. Opplæringstilbodet bør soleis ta utgangspunkt i eit oppdatert og relevant kunnskapsgrunnlag som er utarbeidd gjennom breie lokale og regionale samarbeidsprosessar.

## 2 Relevant opplæring og kompetanse som stettar framtidas kompetansekrav

Samfunnet utviklar seg i eit stadig større tempo der ma. teknologi/automatisering og digitalisering vil endra måten me jobbar og lever på. Problema som skal løysast i framtida kjem truleg til å vere komplekse, noko som krev samansette ferdigheiter og at ein er tilpassingsdyktig. Dette krev ei endring i opplæringa i skulen, og stiller krav om at tilbodet om etterutdanning og vidareutdanning på fagskule og høgskulenivå både er relevant og tilgjengeleg, og i stor grad kan gjennomførast i kombinasjon med jobb. Truleg kan ein kombinasjon av nettundervisning og samlingar vere svært relevant. Webinar er også ei god løysing på korleis ein kan tileigne seg ny kunnskap på ein effektiv måte.

## 3 Arbeidet med opplæringstilbodet ved dei vidaregåande skulane og samarbeid med eksterne partar

Rektor er ansvarleg for dei interne prosessane ved skulane og gjev innspel til fylkesdirektøren for opplæring i samband med neste års opplæringstilbod. Elevtalet pr. medio september og forventa tal avgangselevar frå grunnskulen, der dette er viktig for dimensjoneringa av tilbodet, er grunnlagstal som fylkesdirektøren sender ut. Rektorane gjev også uttale til justering av opplæringstilbodet på grunnlag av søkjartala 1. mars. I arbeidet med innspela til opplæringstilbodet har kvar einskild skule eit tett samarbeid med næringslivet gjennom dei ulike opplæringskontora, i tillegg til einskildbedrifter og kommunen. Skulane har også eit samarbeid med høgskule og fagskule. Samarbeidet inneber i hovudsak karriererettleiing i samband med vidaresøking etter fullført vidaregåande skule, eller vidaregåande opplæring etter fullført fagbrev. Men skulen har også

samarbeid med fagskulen og høgskulen i høve lærarane si etterutdanning, både når det gjeld pedagogisk utdanning og fagleg påfyll gjennom faglege etterutdanningstilbod. På Mo og Øyrane vgs. har vi td. eit samarbeid med fagskulen om deltidsstudiet «Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi».

## 4 Opplæringstilbodet ved Mo og Øyrane vgs. skuleåret 2021-2022

Mo og Øyrane vgs. har i dag 7 ulike opplæringstilbod. Sjølv om fagfornyinga (som er gjeldande frå skuleåret 2020-202) har endra namn på nokon av tilboda, og innhaldet i opplæringa er meir relevant og framtidsretta, vil det på kort sikt vere lita endring i opplæringstilboda. Men på bakgrunn av innspel frå næringslivet og utviklinga i samfunnet generelt, ser vi likevel at det kan vere aktuelt å komme med nye innspel når det gjeld opplæringstilbodet.

**I Bygg- og anleggsteknikk**

Skulen har skuleåret 2020-2021 fem grupper vg1 Bygg- og anleggsteknikk, to grupper vg2 Byggteknikk og to grupper vg2 Anleggsteknikk. Med bakgrunn i fagfornyinga vil vg2 byggteknikktilbodet frå skuleåret 2021-2022 vere ein kombinasjon av vg2 Tømrar og vg2 Betong og mur.

Vi ser det som vesentleg å trygge det eksisterande tilbodet ved Bygg- og anleggsteknikk for å sikre bedriftene i området tilgang på fagarbeidar. Både opplæringskontor og bedrifter er tydelege på at behovet for arbeidskraft innan tømrarfag, betongfag og anleggsfag er stort, og bedriftene er bevisste på å ta inn lærlingar i faga.

Næringslivet ynskjer å auke tal grupper vg2 Anleggsteknikk frå to til tre frå skuleåret 2020-2021. For å imøtekomme dette ynsket hadde skulen behov for å investere i utstyr til praktisk undervisning. Dette behovet vart ikkje imøtekome, og skulen har av den grunn ikkje kapasitet til å utvide gruppetalet.

Anleggsteknikk er eit kostbart utdanningsprogram å drifte. I praktisk undervisning vert det nytta utstyr som også er ressurskrevjande i drift. For å oppretthalde den gode kvaliteten i opplæringa på anleggsteknikk er det viktig å arbeide for å styrke finansieringa av utstyr til utdanninga. Dette gjeld primært midlar til utskifting av gravemaskiner, hjullastar, dumper og borerigg.

Skulen har i dag eit godt samarbeid med fagskulen og høgskulen når det gjeld anleggsteknikk. Anleggsområde og utstyr vert nytta til praktiske øvingar innan bergverk (boring og sprenging) og stikking og nivellering. Våre lærarar har tidlegare vore engasjerte som lærarar på fagskulen i bergverksfag og vert også nytta som instruktørar i bruk av sprengstoff for høgskuleelevar. Dette er eit samarbeid som bidreg til å styrke kompetansen i utdanningane og bør vidareførast.

I tillegg til å sikre eksisterande utdanning er det også viktig å sjå nærmare på fag som regionen manglar tilbod om i dag og som bedriftene etterspør. Mest aktuelt er fag som anleggsgartnar. Ved Mo og Øyrane ligg det godt til rette for å kunne tilby dette faget då me har både anleggsteknikk og naturbruksutdanning ved skulen frå før. I første omgang tenker vi ei halv gruppe for å sikre næringslivet tilgang på kvalifisert personell, men det vil nok være eit aukande behov for denne kompetansen i framtida.

**II Teknikk og industriell produksjon**

Skulen har i dag tre grupper vg1 Teknikk og industriell produksjon (TIP), ei vg2 gruppe Industriteknologi og ei gruppe vg2 Køyretøy. Etter nokre år med nedgang i etterspurnad etter kompetanse i faga knytt til TIP, er no dette i ferd med å snu. Kompetanse innan

teknologi/automatisering og digitalisering er i dag ein etterspurt kompetanse og slik vil det også vere i framtida.

Bilskade- og lakk er eit tilbod som skulen har hatt tidlegare og som bedriftene etterspør. På grunna av liten søknad til opplæringstilbodet, er det i dag få skular som har dette tilbod i Vestland fylkeskommune.

**III Elektro og datateknologi**

Skulen har i dag to grupper vg1 Elektro og datateknologi, ei gruppe vg2 Data og elektronikk og ei gruppe vg2 Elenergi. Tilbodet harmoniserer i dag med etterspurnaden etter arbeidskraft i næringslivet. Elektro og datateknologi er eit fagområde i sterk utvikling, og det vil verte ei auke i behovet for kompetanse innan robotisering /automatisering i framtida.

Velferdsteknologi og smarthusteknologi vil i framtida påverke kvardagen vår og vil krevje både kompetanse innan programområdet og samarbeid mellom ulike fag for å vidareutvikle teknologien. Undersøkingar som er vorte gjort når det gjeld implementering av velferdsteknologi i ulike kommunar, viser at dette er ein omfattande prosess som krev mykje opplæring og forankring hjå alle – frå øvste hald til alle tilsette (Sjå link om korleis det står til med velferdsteknologien i norske kommunar HER).

Utvikling i bruken av droner er eit anna område som vil krevje kompetanse.

Det vil i framtida vere viktig for skulen å ha fagleg oppdaterte lærarar slik at me utdannar elevar med den kompetansen som næringslivet har behov for. Frå hausten 2020 vil to av lærarane ved dette programområdet ta etterutdanning på høgskulenivå i studiet «E-helse for Helse og oppvekst og Elektro og datateknologi».

Det er særs viktig for næringslivet i Sunnfjord å sikre at vg2 Data og elektronikk vert vidareført som tilbod ved skulen.

**IV Sal, service og reiseliv**

Med bakgrunn i fagfornyinga vil opplæringstilbodet Service og samferdsle YSK frå skuleåret 2020-2021 bli lagt ned og Sal, service og reiseliv vil bli oppretta som nytt opplæringstilbod ved skulen. På vg2-nivå vil skulen frå skuleåret 2021-2022 ha tilbod om vg2 Sal og reiseliv som vil føre til fagbrev som salsmedarbeidar eller reiselivsmedarbeidar. Mo og Øyrane vgs. har eit godt samarbeid med bedrifter innan salsfag, og arbeider no med å bygge relasjonar og utvikle samarbeid med reiselivsbedrifter.

Eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet kan vere interessant med tanke på bachelorstudiet i Reiselivsledelse. Høgskulen i Innlandet tilbyr bachelor i serviceledelse og marknadsføring. Opptakskrav for begge studia er generell studiekompetanse.

**V Restaurant- og matfag**

Skulen har i dag to grupper på vg1 Restaurant- og matfag og to grupper på vg2 Kokk- og servitørfag. Skulen arbeider målretta for å marknadsføre tilbodet mot elevar, lærarar og rådgjevarar i grunnskulen og det er gledeleg at søkjartala til dette programområdet no syner seg å auke etter nokre år med nedgang.

Med bakgrunn i søkjartal og næringslivet sitt behov for kokkar og servitørar, vil skulen i si fråsegn til opplæringstilbodet for skuleåret 2021-2022 gjere framlegg om å oppretthalde gruppetalet slik det er inneverande skuleår.

**VI Helse og oppvekstfag**

Skulen har i dag tre grupper vg1 Helse- og oppvekstfag, to grupper vg2 Helsearbeidarfag, ei gruppe vg2 Helseservice, ei gruppe vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag og ei halv gruppe vg2 Ambulansefag.

Det er stor søknad til dette programområdet og prognosar viser at det vil vere stor mangel på helsefagarbeidarar og sjukepleiarar i framtida.

Som tidlegare nemnd så er velferdsteknologi i ferd med å bli implementert i eldreomsorga. Ny teknologi vert utvikla raskt, og nye produkt og moglegheiter vil verte tekne i bruk. I 2019 tok ein lærar ved skulen etterutdanning i velferdsteknologi.

Det er svært viktig for skulen å ha eit tett og godt samarbeid med kommunane når det gjeld utdanningane innan helse- og oppvekstfag. Elevane treng praktisk erfaring i faget Yrkesfagleg fordjuping både på vg1- og vg2-nivå. Samarbeidsavtalar bidreg til at samarbeidet er forpliktande og føreseieleg. Det er ynskeleg å revidere avtalane, både på eit overordna nivå, men også med kvar eining.

Etterspurnaden i samfunnet og tilgjengelege læreplassar er ein viktig premiss for tal grupper, også innan helse- og oppvekst. Med bakgrunn i dagens tilgjengelege læreplassar innan faga, er det usikkert om det er tilrådeleg å auke talet på grupper, dette trass i at det er stor søknad til programområdet.

**VII Naturbruk**

Skulen har i dag to grupper vg1 Naturbruk, der den eine gruppa har hovudfokus på hestefag, ei gruppe vg2 Landbruk og gartneri, ei gruppe vg2 Hest og hovslagarfag, ei gruppe vg3 Allsidig landbruk, ei gruppe vg3 Studieførebuande naturbruk og ei kombinasjonsgruppe på yrkesfagleg påbygg på vg3- og vg4-nivå. I tillegg tilbyr skulen deltidsstudiet Vaksenagronomutdanning og frå skuleåret 2020-2021 fagskuletilbod innan melkeproduksjon ved hjelp av robotteknologi. Skulen har også tilbod om korte og lengre kurs innan ulike kategoriar.

Skulen arbeider målretta med marknadsføring av programområda innan naturbruk. Søknaden til skulen har i dei siste åra variert og ser ut til å stabilisere seg på to grupper vg1 nivå.

I Vestland fylkeskommune er det til saman fire skular som har tilbod om naturbruk. I tidlegare Sogn og Fjordane er det Mo og Øyrane vgs. (landbruk) og Måløy vgs. (fiske). Skulen startar no arbeidet med å fastsetje kva satsingsområde/profil me ynskjer at avdelinga på Mo skal ha i framtida. Digitalisering innan landbruket kan vere ei aktuell satsing. Det same gjeld eit landbruk der bonden kombinerer gardsdrift med attåtnæringar som t.d. småskalaproduksjon eller reiseliv.

Med ein skule som i tillegg tilbyr programområde innan elektro og datateknologi, restaurant- og matfag og sal, service og reiseliv, ligg det godt til rette for å god eit lærerikt og utviklande samarbeid både internt og med eksterne aktørar.

**5 Avsluttande kommentarar**

Mo og Øyrane vgs. har eit breitt opplæringstilbod innan ulike fagområde. I planlegging av ny vidaregåande skule i Førde, er også eksisterande opplæringstilbod planlagt inn. Det er ikkje planar om å utvida tilbodet til andre fagområde.

Som skule vil me jobbe for å få til eit tilbod innan anleggsgartnarfaget på Mo. Førebels er det grunnlag for ei halv gruppe. Programområde vil krevje investeringar i utstyr. Slik den økonomiske

situasjonen i Vestland fylkeskommune no, er eg usikker på om det ligg til rette for å opprette tilbodet allereie frå neste skuleår.

Det er viktig for næringslivet at skulen beheld dei utdanningstilboda som skulen tilby i dag. Tal grupper kan variere noko frå år til år og kan bli justert i politisk handsaming i justeringssaka om våren, når elevane sine val er klare.

Kursverksemda som skulen tilbyr på Mo er eit viktig bidrag for å stette behovet for naudsynt sertifisering. Etterutdanningstilboda som fylkeskommunen har med Høgskulen på Vestlandet er viktig for etterutdanning av programfaglærarar.

# Tilbakemelding frå Dale vgs angåande tilbodsstrukturen/dimensjoneringa for vidaregåande opplæring 2021/22

Dale vgs er ein viktig skule for elevar og næringsliv i regionen vår (HAFS). Skulen kan vise til svært gode resultat, svært høg trivsel og godt samarbeid med private bedrifter og offentleg arbeidsliv. Elevtalet i regionen er relativt stabilt i åra som kjem og mykje tyder på at innspela frå næringslivet blir endå viktigare enn dei har vore til no.

Skulen har i dag 200 elevar fordelt på Studiespesialisering, helse- og oppvekst (vg1 helse og oppvekstfag, vg2 helsearbeidarfag), TIP (vg1 teknikk og industriell produksjon, vg2 industriteknologi) og påbygging. Desse utdanningsprogramma dannar basisen og samsvarer godt med det som har vore etterspørselen i mange år.

I tillegg har vi fleire interessante innspel frå det private næringslivet og ønskjer å vere ein medspelar i desse utviklingsprosjekta:

**a) Samarbeid om byggfag**

Det har kome fleire tydelege innspel frå næringslivet i regionen som viser til mangel på fagfolk (tømrarar) i HAFS-området. For å skape rekruttering til byggebransjen ønskjer Dale vgs å gje elevar frå regionen tilbod om å ta byggfag (vg1) hos oss. Opplæringskontoret ByggOpp med Håkon Svoen har jobba med rekrutteringsopplegg på ungdomsskulenivå og har god oversikt over tal læreplassar for ungdom i HAFS. Ein slik byggklasse kan eventuelt vere ein kombinasjon mellom ungdom/vaksne eller ein kombinasjon mellom TIP/bygg. Vi er av ByggOpp inviterte til eit samarbeid som ev. også Mo og Øyrane vgs kan sjå nytten av å vere med på, for å rekruttere fleire elevar til Vg2-løpet for tømrarar.

**b) Dale vgs og Jakob Sande-senteret med tilbod om «Kreativ skriving og formidling»**

Jakob Sande-senteret vart nyleg opna i Dale 15. august 2020, ei storhending av nasjonal verdi, sjølv om Firda si dekning ikkje var imponerande. Her stilte fylkesordførar Jon Askeland og peika på viktigheita av å markere Vestland fylke på alle gode måtar. Dale vidaregåande skule er ein viktig samarbeidspart i Jakob Sande senteret sitt arbeid med norsk kulturarv. Skulen si rolle vil vere å utvikle og tilby eit programfag i «Kreativ skriving og formidling». Faget skal vere nettbasert, men med fysiske samlingar i Dale, der elevane får oppfølging av aktive forfattarar. Planen er at programfaget vert drifta frå Dale vgs som eit nasjonalt tilbod (nordisk tilbod). Jakob Sande og nynorsk skal vere ei ramme for faget, men målsetjinga er at faget skal vere eit praktisk, kreativt og moderne fag.

**c) Geofag som ein del av Geoparken i HAFS**

Dei store planane rundt Geoparken i Hyllestad blir spennande å følgje. Dale vgs er invitert med i samarbeidet. Geologien i HAFS er unik, og det kan skulen profilere gjennom eit programfag i Geofag. Geoparken vil då ikkje vere langt unna for å kunne gje elevane praktiske ekskursjonar.

### d) Innspel frå akvanæringa

Akvanæringa er imponerande stor i regionen vår, med svært mange store lokasjonar. Denne næringa er framtidsretta og innovativ og med Akvahub i spissen har dei utfordra Dale vidaregåande skule til å bidra til framtidig lokal rekruttering til akvanæringa. Dale vgs har etter samtale med Måløy vgs diskutert korleis vi i eit ev. samarbeid kan utvikle kompetanse til denne næringa. Dette kan vere eit kombinert tilbod til vaksne og ungdom.

Vestland Fylkeskommune v/ Kathrin Jakobsen og Kristin Iversen

| Vår ref: | Dykkar ref. | Dato: |
|---|---|---|
| Sak: 20/4685 JpID: 20/21614 Sbh: ABJ | | 03.09.2020 |

# Innspel til Kompetanseforum Vestland om Kompetansebehov i næringslivet 2021/22 – Region Nordfjord

Nordfjordrådet, regionrådet for Nordfjord, syner til invitasjon til å gje innspel til Kompetanseforum Vestland om dimensjonering av utdanningstilbodet 2021/22 for vidaregåande opplæring, fagskule og høgskule/ universitet.

**Om Nordfjord**
Nordfjord er den nordlegaste regionen i Vestland fylke, med om lag 30.000 innbyggjarar fordelt på kommunane Stryn, Gloppen, Stad og deler av kommunane Kinn og Bremanger.

Nordfjord er ein region med eit sterkt og veksande næringsliv innanfor næringane som er spådd å vekse i åra framover som følgje av nedtrapping av petroleumsnæringa og overgang til nye, grøne næringar (energi/elektro, fiskeri&havbruk, reiseliv, fiskeri/havbruk, maritime næringar, IKT/teknologi, transport, bygg og anlegg med meir). Det er over 30 bedrifter med nasjonalt/internasjonalt nedslagsfelt i Nordfjord. Industri er den største bransjen innanfor privat sektor, følgd av varehandel og bygg/anlegg.

Ei undersøking i regi av NAV i 2019 synte at Nordfjord saman med Sunnhordland har høgast forventa sysselsetjingsvekst av alle regionar i Vestland (over 15%). Nordfjord har også sterke, høvesvis store og robuste kommunar med stor trong for påfyll av kompetanse i åra framover.

Nordfjord har fire vidaregåande skular: Stryn, Firda, Eid og Måløy vidaregåande skule. Dei fire vidaregåande skulane ligg på fire av dei åtte største tettstadene i gamle Sogn og Fjordane fylke. Dei er alle sentrale utviklingsaktørar i regionen, og dei fire skulane *samarbeider* om å gje ungdom i Nordfjord eit samla sett breitt og variert vidaregåande utdanningstilbod, tilpassa næringslivet i regionen sitt behov. Dei vidaregåande skulane i Nordfjord har også ei rad linjer som rekrutterer frå ein større geografisk region (fylkesdekkande linjer i gamle Sogn og Fjordane). Å byggje vidare på dei fire vidaregåande skulane i Nordfjord er svært viktig for regionen. Det handlar om at det skal vere mogeleg å gå på skule i nærområdet, om at det skal vere attraktivt å bu i distrikta, om arbeidsplassar, at det skal vere mogeleg å skaffe seg kompetanse lokalt, om levande lokalsamfunn og attraktivitet i forhold til tilflytting osb.

Samarbeidet mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet i Nordfjord er truleg tettare enn dei fleste andre stader – og endå viktigare her enn andre stader fordi vi manglar høgskular/universitet i regionen. Samarbeidet med næringslivet kan utviklast endå sterkare i framtida – også om etter- og vidareutdanning og målretta fagutdanning for personar som står utanfor arbeidslivet eller treng

| Postadresse | Telefon | Org.nr | E-post | Internett |
|---|---|---|---|---|
| Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid | 57 88 58 00 | 921 060 157 | post@stad.kommune.no | www.stad.kommune.no |

KOPI

omskulering – og om desentralisert fagskule- og høgskuletilbod skreddarsydd inn mot kva næringslivet og kommunane i Nordfjord treng.

Kort oppsummert er vi opptekne at så mykje som mogleg av nødvendig kompetansepåfyll og utdanning kan gjevast til folk der dei bu. Det er ein føresetnad for at utvikling og vekst kan skje også i ein distriktsregion som Nordfjord. Vi syner her til kva Forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø sa i desember 2019 i samband med at Regjeringa la fram nye verkemiddel for at fleire skal få tilgang til høgare utdanning der dei bur:

*«- Alle skal ha tilgang til høyere utdanning. Mange av dem som trenger kompetansepåfyll er i jobb og har familie. Derfor trenger vi flere utdanninger som er desentraliserte, nettbaserte, samlingsbaserte eller på deltid.»*

Fagskulen i Sogn og Fjordane har ei avdeling i Måløy for maritime fag og det er nyleg starta opp desentralisert fagskuletilbod innanfor elektro/automasjon på Nordfjordeid. Det er ingen faste avdelingar av høgskular/universitet i Nordfjord, men Høgskulen på Vestlandet har studentar i sjukepleie i desentralisert utdanningstilbod i Nordfjord.

Det er også verd å merke seg at det nyleg er etablert ei rekkje viktige «klyngesatsingar» for vidare utvikling av næringslivet i Nordfjord i ulike bransjar, med særleg vekt på å utvikle kunnskap og kompetanse i bransjane i samarbeid med eksterne aktørar. Døme på slike satsingar er Måløy Marine Ressurssenter, Inviro Fjordane Virtuelle Campus på Nordfjordeid, TechHub Stryn, Visit Nordfjord (reiseliv) og kompositt-klynga med utspring i industrimiljøet i Gloppen. Samarbeid med dei lokale vidaregåande skulane står sentralt i denne klyngeutviklinga.

Vi vil også peike på at det no blir samarbeidd betre enn nokon gong tidlegare i Nordfjord om rekruttering av læringar til næringsliv/kommunar og om tilflytting/rekruttering, gjennom felles-initiativa Nordfjord Opplæringskontor og Nordfjordakademiet. Nordfjord har også forsterka samarbeidsstrukturane mellom kommunar, næringsliv, vidaregåande skular, NAV og Vestland fylkeskommune etter utbrotet av COVID-19, gjennom etablering av «Regionalt Beredskapsteam Nordfjord, partnerskapsavtale om fagopplæring, felles bedriftsutviklingsprosjekt med meir.

Som talgrunnlaget til Vestland fylkeskommune syner, er det ut frå det sterke næringslivet, vekstkrafta og potensialet for vekst i Nordfjord  stor trong for rekruttering og ny kompetanse for framtida i Nordfjord i åra framover-  både i næringslivet og kommunane. Som vi har peika på over, er dagens utdanningstilbod i vidaregåande skule utvikla og tilpassa over lang tid for å «matche» næringslivet i Nordfjord.

<u>Konkrete innspel frå Nordfjord:</u>

Vår overordna konklusjon på spørsmåla Kompetanseforum Nordfjord no stiller, er difor som følgjer:

- Noverande tilbod i vidaregåande skule må bli vidareført, og dimensjonerast minst på same nivå som i dag. Dagens tilbod dekker ei god breidde av fagområde og er godt tilpassa Nordfjord sitt behov for kompetanse og læreplassar
- Tilbodet om vaksenopplæring og fagutdanning for vaksne må utviklast vidare i felles Nordfjord-regi i tett samarbeid mellom vidaregåande skular  NAV, kommunar og næringsliv – jmf partnerskapsavtale om fagutdanning inngått juni 2020
- Det må på plass fleire desentraliserte etter- og vidareutdanningstilbod, fagskule- og høgskuletilbod i Nordfjord for å sikre kompetanseutvikling for dei som allereie bur i regionen – både retta inn mot næringsliv og kommunesektor

KOPI

- Skulesektoren må vere med å medverke til grøn omstilling og berekraft – både gjennom innretting av utdanningstilbod og ny læreplan for klima/miljøfag, som er utvikla av skulane i Nordfjord og no ligg til godkjenning i departementet
- Det må på plass nytt Opplæringsfartøy tilknytt Måløy vidaregåande skule, jmf tidlegare politiske vedtak

Vi syner også til utfyllande innspel frå næringsorganisasjonar og kommunar i Nordfjord som blir lagt ved dette skrivet. Desse skriva er ikkje «fulldekkande» - men gir eit godt utfyllande bilete av rekrutterings- og kompetansebehovet i Nordfjord i åra framover.

**På vegne av Nordfjordrådet**
**Alfred Bjørlo, leiar**
**Per Kjøllesdal, nestleiar**

Vedlagde utfyllande innspel frå:
- Personalnettverket i Nordfjord-kommunane
- Måløy Vekst
- Stryn Næringssamskipnad
- Inviro (Fjordane Virtuelle Campus)
- Gloppen Næringsorganisasjon

KOPI

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

*Ver venleg å oppgje referansenummer 20/21614 dersom du tek kontakt med oss.*

**Kopi til:**
Alfred Bjørlo
Vestland Fylkeskommune v/
Kristin Iversen

**Vedlegg:**

| | | |
|---|---|---|
| Innspel til  - kompetansebehov i arbeidslivet 01.09.20 inviro | 1373073 | 03.09.2020 |
| Innspel til Kompetanseforum Vestland frå personalnettverket i Nordfjord | 1373074 | 03.09.2020 |
| Innspel til Kompetanseforum Vestland om Kompetansebehov i næringslivet gloppen | 1373075 | 03.09.2020 |
| Innspel til Kompetanseforum Vestland om kompetansebehov i næringslivet_Stryn | 1373076 | 03.09.2020 |
| Innspill til Kompetanseforum Vestland | 1373077 | 03.09.2020 |

Stad kommune
Personal og kommunikasjon

# Notat

Til: Alfred Bjørlo

Barbro Longva, Elin Leikanger, Harald Sivertsen, Heidi Kroken Bruland, Kristine Dahl, Åslaug Krogsæter

| **Vår sakshandsamar:** | **Vår ref:** | **Dato:** |
|---|---|---|
| Ingunn Rotihaug | 20/20990 | 01.09.2020 |

## Innspel til Kompetanseforum Vestland frå personalnettverket i Nordfjord

### Kompetansebehov i kommunane i Nordfjord

### Innleiing

Personalnettverket i Nordfjord er samansett av personal-/HR-sjefar frå kommunane Stryn, Gloppen, Stad og Bremanger. Nettverket er eitt av mange fagnettverk organisert under paraplyen til det politiske samarbeidsorganet Nordfjordrådet.

Nordfjordrådet har utfordra personalsjefnettverket til å gje innspel til kartlegginga til Kompetanseforum Vestland, ut frå den kjennskapen og erfaringa personalsjefane har med rekruttering av fagkompetanse til kommuneorganisasjonane.

1. **Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2021-2022**

Behovet for fagarbeidarar i kommunane har vore stort og kjent i fleire år. I volum er særleg behovet for å rekruttere helsefagarbeidarar stort, men også innafor reinhald og andre tekniske fagområde ser kommunane eit stort behov for å rekruttere. Mange av helsefagarbeidarane og hjelpepleiarane er i aldersgruppa 58+. I dei fire kommunane er det over 100 årsverk i denne gruppa per i dag som nærmar seg pensjonsalder. Kommunane arbeider med ulike tiltak for å rekruttere til denne yrkesguppa:

- Kommunane rekrutterer ordinære lærlingar frå dei vidaregåande skulane
- Kommunane samarbeider med Måløy vidaregåande skule om YSK-elevar
- Kommunane arbeider for å løfte ufaglærte til fagbrev gjennom praksiskandidatordning og fagbrev på jobb
- Kommunane samarbeider med Firda vidaregåande skule om Gloppenmodellen – der flyktningar får språkopplæring og lærlingavtale

Dette er tiltak som vi må halde fram med og samarbeide tett om. Vi ønskjer å vere inkluderande og ivareta samfunnsansvaret vårt, men vi treng også å rekruttere motiverte personar inn i organisasjonane. Vi ser at der er ei grense for kor mange lærlingar innan helsefag vi klarer å følgje opp. God oppfølging er nødvendig for å sikre kvalitet i opplæringa.

Gloppenmodellen er eit samarbeid mellom Firda vidaregåande skule, NAV og kommunane om å gje flyktningar tilbod om å utdanne seg til helsefagarbeidarar og tannhelsesekretærar. Vi ser at språk kan vere ei utfordring for elevane som deltek i helsefagutdanning gjennom denne modellen. Det kan vere grunnlag for å sette krav om bestått Bergenstest for å arbeide i helse- og omsorgstenestene. Det kan

også vere behov for å vurdere innretninga på ny, kanskje opne opp og gjere det søkbart for alle elevar? Vi ønskjer å behalde Gloppenmodellen, men sjå på kva som kan gjerast for å vidareutvikle den.

Også innanfor andre fagområde er det og vil det bli behov for nyrekruttering framover. Kommunane forvaltar store bygningsmasser og har ansvaret for kritisk infrastruktur som vatn og avløp. Det er forventa at kommunane skal vere energieffektive og klimavenlege. Desse oppgåvene krev teknisk kompetanse innanfor ei rekkje fagområde som elektrikar, automasjon, rørleggjarfaget, byggdriftarfaget, maskinkøyrarfaget mm. Kommunane opplever varierande søknad til slike stillingar. Medan nokre av kommunane meiner at søknaden er god, opplever Stad kommune vanskar med å tilsetje i desse stillingane. I 2020 lyste Stad kommune ut ledige lærlingstillingar innan elektro, maskinkøyring, reinhald og rørleggarfaget utan å få søkjarar. Årsaka til dette kan vere at kommunane har små fagmiljø og at fleire opplever det som meir attraktivt å velje privat sektor. Kommunane vurderer byggdriftarfaget som eit særleg relevant fag som vi ønskjer å rekruttere lærlingar til.

Nordfjord opplæringskontor har vore ei viktig satsing. Kontoret har medverka til å auke statusen til fagarbeidarutdanningane. Kontoret har arbeidd godt med å skape eit miljø for lærlingane og kontakt på tvers av kommunane, privat sektor og lærefaga. Å skape tilhøyrsle, gode miljø og felles opplevingar trur vi er viktig for å sikre rekruttering til desse yrka i framtida.

| Utdanningsprogram | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **Fagbrev helsefag** | Stort behov. Mange årsverk i aldersgruppa 58+. Ikkje vanskeleg å rekruttere lærlingar, men mange ulike ordningar og noko kapasitetsproblem i organisasjonane | |
| **Fagbrev reinhald** | Stort behov. Vanskeleg å rekruttere lærlingar til dette yrket. Stor turnover. | |
| **Fagbrev elektro, rørleggjar,, snekkar, tømrar, maskinkøyrar, byggdrift** | Stort behov. Vanskeleg å rekruttere lærlingar. Små fagmiljø og konkurranse med privat sektor. | |
| **Bergenstesten** | Behov for å kunne tilby språktest lokalt i Nordfjord | |

## 2. Kompetansebehov fagskule

Vidareutdanning for fagarbeidarar, for eksempel innan helsefag og tekniske fag, er i for liten grad etterspurt av dei tilsette. Kanskje er kjennskapen til fagskuletilbodet for lågt? Kanskje etterspør arbeidsgjevarane slik vidareutdanning i liten grad? Kommunane ser at her er eit potensiale for å skreddarsy tilbod retta mot dei særskilde behova i kommunane, innan for eksempel vatn og avløp, byggdrift, ikt. Dersom slike tilbod vert arrangert lokalt og gjerne på deltid, så kan dette vere ein god form for kompetanseheving i kommunane.

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **Vidareutdanning for fagarbeidarar – helsefag** | Behov – men det er ikkje så mykje etterspurt | |
| **Vidareutdanning for fagarbeidarar – tekniske fag** | Behov | |

## 3. Kompetansebehov høgskule/universitet

Behovet for sjukepleiarar er konstant høgt i alle kommunane. Stryn kommune meiner at dei har vore heldige siste åra og har fått rekruttert fleire sjukepleiarar til trass for liten søkjarmasse. Gloppen har også relativt god dekning av sjukepleiarar og spesialsjukepleiarar. Stad kommune opplever utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar, særleg i dei ytre delane av kommunen. Kommunen opplever også ein konkurranse om arbeidskraft med Helse Førde. Kommunane har arbeidd iherdig for å få på plass tilbod om desentralisert sjukepleieutdanning. Her meiner kommunane at utdanningsinstitusjonane må ta hovudansvaret for å legge til rette.

Det er også stort behov for vernepleiarar i Nordfjordkommunane. Stad kommune med om lag 10 000 innbyggjarar har kun rundt 10 vernepleiarar tilsett i organisasjonen. Dette er for lite for å sikre god oppfølging av brukargrupper.

For begge desse grunnutdanningane er det behov for å ha tilbod om vidareutdanning/spesialisering anten lokalt eller ved dei næraste høgskulane. Behovet varierer frå kommune til kommune, men det er behov for at tilsette vidareutdannar seg innan til dømes psykiatri, rus, geriatri, rehabilitering og kreftomsorg. Å ha desse grunnleggjande tilboda nært, og gjerne i form av deltidstilbod, er svært viktig for å oppretthalde og sikre god kvalitet i tenestetilbodet.

Kommunane har behov for å rekruttere fastlegar. Nokre kommunar har større utfordringar enn andre. Kommunane ser at det er viktig å legge til rette for gode fagmiljø og sikre god dialog.

Kommunane melder at det er relativt god søknad til lærarstillingar, men at mange søkjer i alle kommunane og også på dei vidaregåande skulane. Konkurransen er derfor høg. Til neste år vert det ikkje uteksaminert allmennlærarar på grunn av omlegginga til master. Dette kjem nok kommunane til å merke. Det vil bli stor rift om lærarar framover. Masterkravet vil også føre til auka lønsutgifter for denne yrkesguppa.

Kommunane merker godt at det er fleire og fleire som tek masterutdanning innanfor ulike fagområde. Dette fører til generell forventning om masterløn ved nytilsetjingar, sjølv om det i utgangspunktet ikkje ligg noko krav om master i stillinga.

Kommunane merker at det er utfordringar med å rekruttere leiarar. Det er ikkje så mange som ønskjer å bli leiar og kommunane har behov for å kunne tilby god leiaropplæring. Innanfor administrasjon, økonomi og ikt opplever kommunane at det er god søknad på utlysningane og god kvalitet på søkjarane.

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **Grunnutdanning sjukepleiar** | Stort behov | |
| **Grunnutdanning vernepleiar** | Stort | |
| **Vidareutdanningar innan helse og omsorg** | Stort behov | |
| **Legar** | Behov for å rekruttere | |
| **Lærarar** | Behov | |
| **Vidareutdanningar/deltidsstudium for undervisningspersonale** | Stort behov | |
| | Behov for å rekruttere | |

| | | |
|---|---|---|
| **Barnehagepedagog** | | |
| **Ingeniørar** | Behov | |
| **Økonomi, administrasjon og IKT** | Behov | |
| **Leiarutdannig** | Stort behov | |

Med helsing
Personalnettverket i Nordfjord

Nils Petter Hauge, Stryn kommune

Rita Lilletvedt, Gloppen kommune

Heidi Kroken Bruland, Stad kommune

Grete Førde hennøy, Bremanger kommune

**Måløy Vekst AS**
Gate 1, nr. 80
6700 Måløy

+47 97 75 73 94
randi@maloyvekst.no

**www.maloyvekst.no**

Måløy, 2. september 2020

# Innspel til Kompetanseforum Vestland om kompetansebehov i næringslivet 2021/22

Måløy har eit svært sterkt næringsliv spesielt innan maritime og marine næringar. Her finnes det 5 skipsverft og 4 skipsdesignsselskap, og Måløy har lang tradisjon innanfor fiskeri og oppdrett. Det er også eit stort elektro- og automasjonsmiljø, samt leverandørindustri i Måløy. Fleire av bedriftene ligg i toppsjiktet både nasjonalt og internasjonalt, og næringslivet er eksportretta. Dei seinare åra har det og vakse fram eit sterkt og globalt retta IT- og teknologimiljø. Den sterke veksten for bedriftene i Måløy fører til eit sterkt behov for rekruttering innafor mange områder. Ein har blant anna auka behov innan helse, skule, salg/service og regneskap/revisjon. Dette er viktige tilbod for innbyggjarane, og både private og offentlege verksemder treng fleire med relevant kompetanse på desse områda. For å halde fram med veksten, og sikre at næringslivet får høve til å utvikle seg, så har ein spesifikke behov innan dei store næringane i Måløy. Her syner vi til dei konkrete innsepela for detaljar, men hovudbiletet er at ein treng fleire utdanna innan både fiske/fangst/akvakultur, IT og industriteknologi. I tillegg til styrka fagskuletilbod innan havbruk og fiskeri.

## Innspill til dimensjonering av utdanningstilbodet 2021/2022:

### 1. Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2021-2022:

### Kompetansebehov med Måløy vidaregåande skule:

| Utdanningsprogram | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **Fiske/fangst/akvakultur** | Næringslivet har et mye større behov for lærlinger enn det vi utdanner i dag, så dette tilbudet må utvides. | Måløy vgs. har høye søkertall, og man har stor tilgang på læreplasser. |
| Helse og oppvekst | Stort behov for helsefagarbeidere i kommunene. Vi må øke VG1 Helse og oppvekst, og bør endre fra VG2 | Mange søkere til VG1 Helse og oppvekst. Vanskelig å få læreplass for Barne- og ungdomsarbeider, mens det er stor etterspørsel |

**Måløy Vekst AS**
Gate 1, nr. 80
6700 Måløy

+47 97 75 73 94
randi@maloyvekst.no

**www.maloyvekst.no**

| | | |
|---|---|---|
| | Barne- og ungdomsarbeider til VG2 Helsefagarbeider. | etter lærlinger på Helsefagarbeider. |
| Informasjonsteknologi og medieproduksjon | Stor etterspørsel i det store IT-miljøet i Måløy. Vi må få utvidet tilbudet med en gruppe på VG1, samt få på plass VG2 informasjonsteknologi og VG2 medieproduksjon. | Høye søkertall. Næringslivet er svært involvert i tilbudet, og har behov for mange flere lærlinger. |
| **Industriteknologi VG2** | De lokale skipsverftene og industribedriftene har utfordringer med å få tak i nok industri- og motormekanikere. Stort behov for lærlinger i næringslivet. Dette tilbudet må tilbake ved Måløy vgs. | |
| **Opplæringsfartøy** | Både vgs. og Fagskolen er avhengige av et nytt opplæringsfartøy for å kunne gi kvalitativ undervisning innen flere studieretninger. | Viser til tidligere innspill fra Måløy Vekst og næringslivet om dette. |
| **Styrking av YSK-tilbudet** | YSK-tilbudet, som gir både fagbrev og studiekompetanse, har høy gjennomføring og er meget viktig for rekruttering til næringslivet. Næringslivet ønsker seg flere YSK-lærlinger. | Vestlandsmelding peker på de gode resultatene ved YSK-tilbudene, og behovet for flere plasser. YSK-utdanningen blir også trukket frem som et viktig tilbud som vil gi industrien vår viktig kompetanse for framtida. Vi må koble videregående utdanning enda tettere med vestnorsk industri. Eks. Norge trenger mer kompetanse innen realfag og tekniske fag (elektrifisering og norsk maritim industri). Undersøkelser viser at 90 prosent av elevene som tar denne utdanningen tar |

**Måløy Vekst AS**
Gate 1, nr. 80
6700 Måløy

+47 97 75 73 94
randi@maloyvekst.no

**www.maloyvekst.no**

| | | |
|---|---|---|
| | | høyere utdanning. Det er også flere jenter som velger YSK-utdanningen enn på ordinære yrkesfaglige studieretninger. |

## 2. Kompetansebehov ved Fagskolen maritim avdeling i Måløy:

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **Havbrukstekniker** | Havbruksnæringen har et stort behov for kvalifiserte havbruksteknikere. | |
| Frysemaskinist | Næringslivet er tydelig på at de har et stort behov for kvalifiserte frysemaskinister. | |
| **Videreutdanning stuert** | På grunn av nye krav til stuerter så er det stor etterspørsel etter videreutdanning for stuerter. På grunn av nærhet til næringen og mannskapet så bør dette tilbudet gis ved Fagskolen i Måløy. | |

Med venleg helsing

Måløy Vekst

**RANDI HUMBORSTAD**
Daglig leder

**Måløy Vekst AS**
Gate 1, nr. 80
6700 Måløy

+47 97 75 73 94
randi@maloyvekst.no

**www.maloyvekst.no**

+47 97 75 73 94
randi@maloyvekst.no

**www.maloyvekst.no**

**Kort om Måløy Vekst**
Næringslivet i regionen, representert ved ca. 80 bedrifter, og Kinn kommune er aksjonærar/eigarar i selskapet. Måløy Vekst skal vere eit serviceselskap for næringslivet, informere og legge til rette for ny verksemd og infrastruktur, gje gründer veiledning, samt vere ein møteplass for næringslivet og kommunen.

Måløy Vekst skal og vere ein samfunnsbyggar. Utan ein grunnleggande tanke om å utvikle samfunnet rundt oss vil det vere vanskelig for oss å skape vekst innanfor dei fleste bransjane som Måløy Vekst representerer. I tillegg skal Måløy Vekst kunne bruke sin tyngde i politiske prosessar der det er hensiktsmessig, og då spesielt med fokus på å drive fram ein positiv nærings- og samfunnsutvikling. Måløy Vekst ynskjer å ha ei tydeleg stemme inn mot offentlege prosessar og bidra til at våre medlemsbedrifter sine behov for vekst og framtidsutvikling vert høyrd.

*Stryn 02.09.2020*

**Innspel til Kompetanseforum Vestland om kompetansebehov i næringslivet 2021/822 – Stryn**
Vedlegg til Nordfjordrådet sitt innspel

Stryn kommune er med sine om lag 7200 innbyggarar ei forholdsvis stor kommune, med lite offentlege arbeidsplassar og eit mangfold av privat næringsliv. Stryn vidaregåande skule er særs viktig for at lokalt næringsliv både skal bestå og utvikle seg.

Strukturen i den vidaregåande skulen i Nordfjord høver bra til det næringslivet vi har, men vi ville hatt stor nytte av fagutdanningar og fagskuleutdanningar lokalt utover det som er i dag.

**Bygg og anlegg**

Stryn har ei rekkje bedrifter som er sterke og treng arbeidskraft. Det er difor særs viktig å behalde utdanninga innan desse faga på vidaregåande skule. Det er også store fagmiljø på ingeniørsida og innan teknisk teikning lokalt. Pretre er Norges største ingeniør-/teknisk teikningmiljø og har stort behov for å rekruttere inn fleire lokalt. I tillegg er HS bygg eit stort miljø innan bygg og vi har mange mindre entreprenørar som alle treng rekruttering.

Ei fleksibel grunnutdanning for indre Nordfjord på Stryn vidaregåande og moglegheit for kurs, vidareutdanning og fagskuleutdanning vil her vere ynskjeleg i framtida.

**TIF**

Stryn er store i dette segmentet. Bedrifter som Stryvo, Nomek, Vendanor, Nordfjord Kjøtt og Hagen har til saman ca. 600 industriarbeidsplasser. I tillegg har vi fleire verkstad og anleggsbedrifter som rekrutterer frå TIF. Transportbransjen med Thor Tenden Transport i spissen har også eit stort behov for å rekruttere sjåførar framover. Dagens sjåfører har i mange bedrifter høg gjennomsnittsalder, og ein treng mange i åra framover for å fylle seta etter desse.

**Helse**

Ein har store utfordringar framover med å få på plass nok helsepersonell i kommunane. Det er difor viktig at ein har ei sterk satsning her, både i form av klasser på vidaregåande skule og etter -og vidareutdanning. Det er godt samarbeid mellom Stryn kommune, Stryn vidaregåande skule og opplæringskontor for å rekruttere og få unge til å velge yrke innan helsesektoren. Vi ser likevel eit behov for ei sterkare satsing på utdanning samt etter -og vidareutdanning av vaksne der digitalisering av ein del helsetenester vil vere viktig ha kompetanse innan på alle plan.

**Reiseliv**

Stryn er store på reiseliv og treng arbeidskraft innan alle deler av faget. Skal Nordfjord halde på sin plass som destinasjon, vil det vere viktig å ha stort fokus på utvikling og service. Dette gjer at det er

stort potensiale for utdanning og vidareutdanning i bransjen. Berre på Alexandra og Loen Skylift jobbar det rundt 400 mennesker i høgsesongen.

**Nordfjord Kjøtt**

Er ei bedrift med rundt 400 tilsette. Bedrifta har stort behov for utdanning av arbeidskraft framover. Dei er alt mottakarar av lærlingar innan industrimekanikar og automasjon. Dei vil ha behov for utdanning innan fag som kjøttskjerar, pølsemaker, industriell matproduksjon og fagfolk som kan drive produktutvikling. Her er eit stort potensiale for utdanning av vaksne framover.

**Generelt**

Stryn er og skal også i framtida satse på eit allsidig og sterkt, privat næringsliv. Vi må legge til rette for at Stryn kan vekse og utvikle seg positivt i framtida. Det er difor viktig at det blir lagt til rette for eit godt og breiddt tilbod innan vidaregåande opplæring. Dette i form av studieførebuande linjer og eit yrkesfagleg tilbod som matcher både noverande og framtidig næringsliv. Gjennom godt samarbeid med skule – næringsliv, opplæringskontor, Stryn Næringshage og no Nordfjordakademiet, ynskjer Stryn Næringsamskipnad å vere ein aktiv aktør for å få til ei positiv utvikling i Nordfjord. Grunnlaget for at dette skal skje, er at det blir satsa på den vidaregåande skulen i Stryn særskilt, men også at dei vidaregåande skulane i Nordfjord samla har eit godt opplæringstilbod.

I tillegg vil det vere viktig med gode vaksenopplæringstilbod. Stryn er ein kommune med nærmare 20% utanlandske innbyggarar. Ein stor del av desse er arbeidsinnvandrarar og treng god språkopplæring og vidareutdanning som gjer at dei kan vere med å utvikle næringslivet vidare.

Det vil også vere særs viktig med vidareutdanningstilbod, fagskule -og høgskuletilbod som er tilpassa noverande og framtidig næringsstruktur i Stryn kommune.

Stryn Næringssamskipnad
Anita Vinsrygg styreleiar

**kompetansebehov i arbeidslivet**

Inviro vart starta med bakgrunn i utfordringar og moglegheiter bedriftene i regionen har i no, og vil kunne få i framtida. Desse utfordringane gjeld for svært mange bedrifter, og er med det grunnlaget for vegen vidare for Inviro. Inviro, skal i samarbeid med kommunane, andre næringslivsaktørar/organisasjonar og næringslivet, forsøke å påverke, motverke og samstundes skape nye moglegheiter i regionen.

Dei ulike utfordringane, både kryssar seg og heng saman med kvarandre.

- **Teknologisk utvikling**

Korleis kan sterke bedrifter lokalisert lengt frå dei store byane, og som har stort vekstpotensiale klare å halde tritt med den raske teknologiske utviklinga?

- **Urbanisering**

Trenden med aukande urbanisering medfører at bedriftene har ein lekkasje av medarbeidarar som flyttar til byar for å ta vidare utdanning.

  - Fire av fem som tek utdanning i fylket blir verande i distriktet
  - Fire av fem som reiser ut, kjem ikkje tilbake til distriktet.

- **Rekruttering**

Samtidig opplever bedriftene at det er vanskeleg å driver rekruttering i distrikts Noreg, særleg knytt til å **rekruttere** personar tilbake til fylket.

Dette medfører at bedrifter kanskje må tilsette personar som ikkje har den **kompetansen** ein treng for å kunne motverke utfordringane.

- **Digitalisering**

Midt i denne utfordringa må bedriftene forholda seg til ei rask utvikling drive av **digitalisering**. Sjølv om bedriftene i dag ligg langt framme med **innovative løysingar**, er det **krevjande å halde tritt** med utviklinga for å framleis ligge i front.

**Kva kompetansebehov er det i næringslivet i regionen?**

Inviro er ei innovasjonsklynge for både målbedrifter knytt til næringshageprogrammet, samt til medlemsbedrifter knytt opp til elektro, automasjon, bygg og teknologi. Det vil sei, at for oss har vi ei relativt god oversikt knytt til delar av næringslivet i regionen.

Det er klart at forutsetningane for bedriftene har sidan Covid-19 endra seg for nokre av bedriftene. Nokre bedrifter har framleis utfordringar, mens andre no er tilbake på eit «normalt nivå». Men eit generelt utgangspunkt kan være at Covid-19 ikkje vore positivt for bedriftene. Men, vi må sjå framover, og om vi ser utover og forbi Covid-19, er det vi kan sei på generelt grunnlag, at det er eit stort behov for arbeidskraft i næringslivet Inviro representerer i regionen.

For Inviro sin del ser vi positivt på at det er behov for arbeidskraft. Årsaka til at vi gjer det, er fordi det viser at vi har kompetente arbeidsplassar i regionen som ønskjer å vidareutvikle og vekse sine respektive bedrifter. Det betyr i tillegg at det er rom for å kunne skaffe kompetent arbeidskraft utanfrå og utvikle internt i regionen.

Men, det skal også seiast at det er langt i frå berre høgt utdanna kompetanse ein treng frå universitet og høgskular. Særleg fagutdanning er etterspurt. For Inviro sine medlemmar gjeld dette både innan automasjon, elektro, IT og bygg. Også på vidaregåande nivå er det svært mange ønskjer frå næringslivet knytt til industriteknologi/produksjon, programmering, økonomifag, sal og marknadsføring m.m. Dei vidaregåande skulane har allereie eit tett og godt samarbeid med næringslivet i regionen, men kanskje særleg knytt til lærlingar er det framleis eit potensial. Ein lærling er ein ressurs, ikkje ein kostnad, og bedriftene i regionen må ta eit samfunnsansvar og tenke på ein lærling som ein langsiktig rekrutteringsprosess.

**Utvikling**

Spørsmålet blir korleis ein skal skaffe kompetansen som arbeidslivet i regionen etterspør. For Inviro er der fleire løysingar på denne utfordringa, som alle har ein raud tråd.

- Korleis skal vi kunne motverke at personar som ønskjer høgare utdanning flyttar til dei større byane?
- korleis skal bedriftene sikre kompetanse som kan følgje den raske teknologiske utviklinga og digitaliseringa knytt til innovative løysingar?
- Korleis kan bedriftene utvikle seg?
- Korleis kan ein jobbe for å sikre rekruttering til regionen?

**Utdanning der du bur**

Regjeringa melder i ei pressemelding at «Flere skal få tilgang på høyere utdanning der de bor» (10.12.19, regjeringen.no).
Vidare kan vi lese at forskings- og høgare utdanningsminister, Iselin Nybø seier:

*«– Alle skal ha tilgang til høyere utdanning. Mange av dem som trenger kompetansepåfyll er i jobb og har familie. Derfor trenger vi flere utdanninger som er desentraliserte, nettbaserte, samlingsbaserte eller på deltid, sier forsknings- og høyere utdanningsminister Iselin Nybø (V).*

Kompetansepåfyll er relevant for alle. Det vil sei at, uavhengig av alder, kompetanse eller ønskjer, skal ikkje det være ein hemsko å bu i distrikts Norge, og det skal/bør ikkje være begrensingar knytt til kompetanseheving.
For den potensielle «heimflyttaren», så seier ikkje vi i Inviro at alle som blir født i regionen skal bu her for alltid. Det er svært positivt at folk «kjem seg ut», får erfaringar og utdanning. Men det som er viktig er at dei etter nokre år ønskjer å komme «heim», fordi ein veit at ein har moglegheit til å få interessante og relevante jobbar i ein region der ein også kan få kompetansepåfyll gjennom arbeidskarrieren.
Samstundes, må dei som ikkje ønskjer / har moglegheit til å flytte ut av regionen vår få den same moglegheita som «utflyttaren». Inviro ønskjer å legge til rette for, akkurat det Iselin Nybø seier, at dei som ønskjer, skal ha moglegheit til å få kompetansepåfyll der dei bur, via kurs, kompetansepakkar eller desentralisert utdanning.

**«Snøballeffekt»**

Om ein ønskjer «livslang læring», må vi i regionen kunne tilby desentralisert vidareutdanning. Og korleis spelar dette inn på alle dei utfordringane som blei nemnt innleiingsvis? Jo, ved å kunne tilby desentralisert vidareutdanning, kan ein moglegvis få auka kompetansen knytt til den raske teknologiske utviklinga og knytt til digitaliseringa i bedriftene. For dei som ønskjer, kan ein tilby

desentralisert utdanning som igjen motverkar urbaniseringstrenden. Knytt til rekruttering, kan ein sei at den interne kompetansehevinga er ein «intern rekrutteringsprosess». Kanskje ein ikkje treng å søkje etter kompetanse eksternt, då ein kan vidareutvikle kompetansen internt i bedrifta. Dette kan igjen medføre at ein for eksempel kan ta inn ein lærling i motsetning til å rekruttere høgt utdanna kompetanse, der lærlingen på sikt kan få kompetansehevinga han/ho er ønskjer lokalt. Det har ein «snøballeffekt» som vil gagne heile næringslivet i regionen.

**Innovasjonsnettverk**
Samstundes, må vi bli endå betre på å samarbeide i regionen. For Inviro sin del skal vi legge til rette for at bedriftene kan skape dette samarbeidet via eit innovasjonsnettverk, og at dei ved dette kan få tilgang / moglegheit til å kunne delta i eit innovasjonsmiljø.
Inviro ønsker at vi skal kunne legge til rette for at alle bedrifter, som ønskjer det, uavhengig av «størrelse», skal sjå moglegheitene knytt til ulike utvikling- og innovasjonsprosjekt, det kan være alt frå mindre bedriftsinterne prosjekt, til større FoU prosjekt. Samstundes må ein også tenke på kva kompetanse manglar innovasjonsnettverket? Kven/kva kompetanse må bedriftene i regionen ut av fylket for å kjøpe? Kan vi legge til rette for ny-etableringar i regionen som vil kunne skape arbeidsplassar og samtid utvikle miljøet.

**Samarbeid**
Oppsummert kan ein sei at det krevst eit svært godt samarbeid dei komande åra mellom næringslivet, kommunane, utdanningsinstitusjonane og dei ulike næringslivsaktørane/organisasjonane i regionen for å sikre at vi ikkje blir hengande etter, og at vi kjem i ein situasjon der næringslivet ikkje får moglegheit til å vidareutvikle seg.

- Næringslivet må aktivt investere i / og bruke dei ressursane dei har tilgjengeleg for å kunne finne nye moglegheiter og samarbeidspartnarar.
- Vi treng aktive, involverte og satsingsvillige kommunar som legg til rette for vekst i næringslivet.
- Vi treng høgare utdanningsinstitusjonar som er villige til å satse på utdanning i distrikta, og vi treng eit tett og godt samarbeid mellom lokale utdanningsinstitusjonar, kommuna og næringslivet.
- Og vi treng næringslivsaktørar/organisasjonar som aktivt legg til rette arenaer og tilbod for både næringslivet og det offentlege som kan gi vekstgrunnlag for bedriftene og regionen som heilskap.

Om vi ikkje greier å samle oss om dette, kan ein frykte for framtida til nokre av bedriftene i regionen. Då både med tanke på vidareutvikling og vekst, og samstundes potensielle utflyttingar av bedrifter som ikkje ser moglegheit for vekst i regionen. Dette kan igjen føre til ein negativ «snøballeffekt», der ein ser ein nedgåande trend knytt til utviklinga av regionen.

Med venleg helsing
Øystein Nes
Inviro AS.

**Innspel til Kompetanseforum Vestland om Kompetansebehov i næringslivet 2021/22 – Region Nordfjord – frå næringslivet i Gloppen**

1. Det er svært viktig med eit desentralisert tilbod innafor vidaregåande skule. Det handlar om at det skal vere mogeleg å gå på skule i nærområdet, om at det skal vere attraktivt å bu i distrikta, om arbeidsplassar, at det skal vere mogeleg å skaffe seg kompetanse lokalt, om levande lokal samfunn og om attraktivitet i forhold til tilflytting osb.

2. Vi treng bredde i tilbodet. Dei lokale bedriftene treng fagarbeidarar innafor mange fagområde og det er mange bedrifter i Gloppen som samarbeider med skular i Nordfjord og i Sunnfjord om fagarbeidarar. Det er viktig at dette samarbeidet fortset og at bredda i fagutdanningar vert vidareført. Samstundes treng og bedriftene personar som skal jobbe med utviklingsarbeid, leiing, HR m.m. Høgare utdanning og fagutdanning er to sider av same sak. Det er difor viktig at studieførebuande utdanningsprogram og får ein sentral plass i den vidare satsinga.

3. Grøn omstilling og berekraftig produksjon er sentrale tema i alle næringar. Skulane i Nordfjord er i front i denne satsinga blant anna gjennom utvikling av læreplan for klima/miljøfag 1 og 2. Søknad om godkjenning av faga ligg i departementet. Vestland fylkeskommune må bidra til at desse læreplanane vert godkjende, slik at faga kan bli tilgjengelege for fleire. Dette er fag som gjev viktig grunn utdanning i møte med nokre av dagens store utfordringar

4. Fokus på dei ulike klyngene som er etablert i Nordfjord er veldig bra. Dette må gjerne løftast endå tydelegare i tilbakemeldinga til fylkeskommunen

5. Det må leggast til rette slik at fleire kan ta etterutdanning, vidareutdanning eller omskolering. Behovet for kompetanse i samfunnet endrar seg raskt, særleg innafor IT er der eit stort behov for etter og vidareutdanning i mange bedrifter.

6. Det er få eller ingen som løftar fram kulturfaga som viktige. Det betyr mykje for dagens ungdom at vi og innafor desse områda har ein desentralisert struktur. Dette er fag som gjev erfaringar og ferdigheiter som er svært nyttige innafor mange fagområde. Vi treng eit breitt tilbod innafor desse faga i nordre del av fylket. Dei tilboda vi har i dag må vidareførast

7. Prosjektet fagutdanning i Nordfjord bør løftast vidare. Dette er ei satsing som møter personar som i dag slit med å finne sin plass i arbeidslivet.

Sandane, 2. september 2020

Gloppen Næringsorganisasjon

# Vedlegg:

## Mal for innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2021/2022:

1. **Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2021-2022: (sett inn ekstra liner ved behov)**

| Utdanningsprogram | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **Bygg & Anleggsteknikk** | Vi mener behovet er dekkende i dag. | |
| **VG 2 tømrer** | Bedriftene tar inn elevene fra VG 2, og få som står uten læreplass. Dette viser at dimensjoneringen er omtrent der den skal være. | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

2. **Kompetansebehov fagskule: (sett inn ekstra liner ved behov)**

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **BIM** | Byggeplassene er blitt digitale på kort tid. Dette fører til at eksisterende fagarbeidere trenger påfyll av digital kompetanse. Vi trenger korte (1-2 måneder) kurs for å løfte fagarbeider til å kunne behandle digitale oppdrag. 30 og 60 studiepoeng blir for lenge og omfattende | |
| | | |
| | | |
| | | |

### 3. Kompetansebehov høgskule/universitet:

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

# Mal for innspel til  dimensjonering av utdanningstilbodet 2021/2022:

1. **Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2021-2022: (sett inn ekstra liner ved behov)**

| Utdanningsprogram | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **Fagbrev på jobb** | Bergen kommune har et stort behov for å utdanne kvalifiserte helsefagarbeidere, og har gjennom mange år hatt flere utdanningsprogrammer for voksne, ufaglærte ansatte som har fått ta fagbrev på jobb. Ordningen er nå truet av manglende finansiering fra fylkeskommunen, og vi står i realiteten tilbake med praksiskandidatordningen som eneste tilbud til voksne. Dette er kritisk mht det økende  behov for kvalifisert helsepersonell vi har i i årene fremover. | |
| **Menn i Helse** | Bergen kommune deltar i dette prosjektet og har tegnet 14 kontrakter i inneværende år. Det planlegges for tilsvarende antall kontrakter i 2021. Opplæringsmodellen for Menn i helse har gitt gode resultater i de fylker hvor den har vært prøvd ut, og vi ser behovet for å tilby tilsvarende opplæringsmodellen også for kvinner. Kombinasjonen av teori og praksis kvalifiserer voksne som har ønske om å jobbe i helsetjenester på en god og effektiv måte. | |
| | | |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| | | |
| | | |

2. **Kompetansebehov fagskule: (sett inn ekstra liner ved behov)**

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| **Fagskole helse** | Helsefagarbeidere er tiltenkt en mer sentral rolle i drift av våre tjenester både innenfor sykehjem og hjemmebaserte tjenester. Dvs at de i større grad får lederansvar. Det prøves ut flere nye modeller for organisering av ulike tjenester nå hvor sykepleiere trekkes ut i egne ressursteam og helsefagarbeidere leder avdelinger og omsorgsteam. Dette medfører økt behov for lederkompetanse hos helsefagarbeidere, og her tenker vi at fagskoletilbud innen organisasjon og ledelse vil være nyttig. Det er ønskelig at det utvikles fagskoletilbud innen organisasjon og ledelse tilsvarende 120 studiepoeng, og gjerne modulbasert slik at det lettere kan tilrettelegges ifht jobb. | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

3. **Kompetansebehov høgskule/universitet:**

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| Bachelor deltid sykepleie | Endring av opptakskrav fra 2019 medfører at langt færre av våre ansatte kvalifiserer for opptak til dette studiet. Det er endrede krav til undervisningstimer i norsk og matematikk i tillegg til karakterkrav som gjør at de som ønsker å ta videre utdanning må bruke min 1 år ekstra på dette ved siden av jobb og familieliv. Mange vil vegre seg for å starte på et slikt løp, og vi som arbeidsgiver vil også møte utfordringer ved å ha ansatte i så lange utdanningsløp. Det er behov for dialog med både fylkeskommune og høyere utdanningsinstitusjoner om dette.<br>Tilsvarende ønskes dialog om opptak av autorisasjonsstudenter som delvis deltar på denne utdanningen- | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |
| | | |

**Innspel-kompetansebehov i Landbruk**

**Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2021-2022**

**Vidaregåandeskule**

| . Utdanningsprogram vgs | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| VG1 Naturbruk – landbruksretta | Opplever eit behov for 1 ½ klasse (18 elevar) for å kunne dekkje rekruttering behovet på VG2 og VG3. | |
| VG2 Naturbruk | Er nokon frå VG1 som søkjer seg til t.d. akvakultur andre året. Når det «berre» er 12 elevar å rekruttere frå på VG1, vert elevtalet til tider ikkje fylt opp ved VG2. Ved å auke storleiken på klassen på VG1 vil ein kunne rette opp i denne ubalansen.<br><br>*Vi ynskjer difor at VG1 kan få studieplass til 18. elevar.* | |
| Vg2 landbruk og gartnarnæring<br>Vg3 landbruk, SJH | Etter interesse å døme ser me at det er behov for eit eige økologisk retta samlings- og nettbasert tilbod. Særleg på Vg3-nivå merka me slik etterspurnad. | *sjå avsnitt under tabell |
| Bedriftsøkonomi inn på tvers av fagretningar i vidaregåande skule | Bedriftsøkonomi i den vidaregåande skulen må inn i alle yrkesrettafag i den vidaregåande skulen. Bonden, kokken, maskinkøyraren - alle treng dette - kunne å anvende grunnleggande bedriftsøkonomiske omgrep og forstå sin eigen rekneskap. | Sensorar i fag naturbruk vil nok kunne bekrefte at dette ved enkelte skular eller fleirtal av skular er eit svakt fag i yrkesfagutdanninga. Bedriftsøkonomi er eit viktig fag då mange skal ut å drifte bedrifter og store verdiar. Styrke dette området både for bonden, entreprenøren og kokken. |
| | | |

*Når det gjeld søknader til Vg2 landbruk og gartnarnæring og Vg3 landbruk ved Sogn jord- og hagebruksskule (SJH) er søkjartala oppgjevne nedanfor. Tabellen syner at dei fleste av søkjarane ikkje søkjer via vigo. SJH har eige opptak av elevar.

| Søknader 2020/21 | | | |
|---|---|---|---|
| | Tal elevplassar | søknader | av desse søkt via vigo.no |
| Vg2 Landbruk og gartnernæring, økolog | 28 | 52 | 11 |
| Vg3 Landbruk, økologisk | 24 | 47 | 3 |

2. **Kompetansebehov fagskule: (sett inn ekstra liner ved behov)**

**Fagskuletilbod**:

| Utdanning | Kort skildring av behovet | Dokumentasjon |
|---|---|---|
| Melkeproduksjon med bruk av robotteknologi | Fagskulen Sogn og Fjordane startar denne hausten opp | |

| | | |
|---|---|---|
| | fagskuletilbodet «Melkeproduksjon med bruk av robotteknologi. Studiet er eit deltidsstudium over to år med 16 samlingar som er lagt til Mo. Dette studiet har finansiering berre for eit kull. Her må det arbeidast for å få dette inn som eit permanent tilbod. | |
| Fagskule i lokal foredling av mjølk | SJH har eit utviklingsprosjekt pågåande kalla «fagskule i lokal foredling av mjølk» i samarbeid med Fagskulen i Sogn og Fjordane og Norsk Gardsost. Mål om oppstart av studium hausten 2021.<br>SJH ynskjer å vidareføre fagskuletilbodet i økologisk landbruk, eit samarbeidsprosjekt med Fagskolen Innlandet. | |

**Universitet og høgskule**

Det er ikkje meldt inn konkrete forslag til dimensjonering eller nye utdanningar. Det er meldt inn ynskje om at høgskuler og universitet skal tilby meir desentralisert studie.